

Fra: Kjersti Sande Tveit[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no]  
Sendt: 21.03.2025 22:38:21  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Tittel: Høyring av søknad om utfylling i sjø i Olsetvikane industriområde - uttale

---

Ref. 2025/1887

Hei!

Vi viser til brev dat. 06.02.2025 med høyring av søknad om utfylling i sjø på gbnr. 30/44 i Olsetvikane.

Det aktuelle området er i reguleringsplan for Olsetvikane avsett til føremål industri, det vil seie at utfylling i sjø er tillatt.

<https://www.arealplaner.no/askvoll4645/arealplaner/6?planStatusId=3>

Føresegnene til reguleringsplanen inneheld ikkje føringar som er relevante for ureiningsaka. Reguleringsplanen er gamal, frå 1984, og vil truleg bli oppheva i samband med revisjon av arealdelen, eit arbeid som er i gang. Det har likevel ikkje vore noko tema å ikkje vidareføre industriområdet her.

Vi kjenner ikkje til konkret mistanke om ureining i grunnen/sjøbotnen i området. Det har vore betongproduksjon på aktuell eigedom i mange år.

Askvoll kommune har ikkje innvendingar mot den omsøkte utfyllinga. Det er likevel naturleg at det vert sett krav i løyvet etter ureiningslova, slik at det vert teke omsyn til dei mange naturverdiane i området.

Vi kan opplyse at detaljregulering for Atløysambandet (vedteken 2019) går gjennom industriområdet, og såleis erstattar delar av reguleringsplan for Olsetvikane. I denne planen vart det teke inn føresegner som gjeld delar av industriområdet og sjøområda litt lengre vest enn omsøkte areal.

<https://www.arealplaner.no/askvoll4645/arealplaner/85?planStatusId=3>

Pkt. 2.6: «... Støyande anleggsarbeid i nærleiken av Askvika naturreservat bør ikkje skje vinterstid og i trekkperiodane haust og vår. ... Det skal søkjast om løyve til tiltak/utfylling i sjø i samsvar med forureiningsloven. For å hindre unødig skade på miljø og særleg sårbar natur, skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast for å unngå forureining og uheldig spreiding av finstoff. ...»

Pkt. 2.13 Anleggsperioden: «...Støy frå byggje- og anleggsverksemd skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. ...»

3.2 Næringsbygg: ... Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert avgrensa til dei områda der det er trong for lys. Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdaggar. ...»

3.3 Hamn: «... Det er ikkje tillatt med sprenging, utfylling og deponering i gyteperioden til torsk og sild, som er i tidsperioden frå og med februar til og med april, og i hekkeperioden for fugl i perioden frå og med april til og med juni. Vidare må det iverksetjast tiltak for å unngå spreiding av oppkvervla finsediment ved utfylling og bygging i sjø. Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert

avgrensa til dei områda der det er trong for lys. Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagane. ...»

3.4 Kai: same føresegnar som 3.3 Hamn over.

7.1 Vilkår for bruk av arealar, bygningar og anlegg: «Sprenging og utfylling i sjø kan ikkje utførast i tidsrommet frå og med februar til og med juni innafor området. Ein skal nytte seg av boblegardin ved sprenging, og siltgardin ved ev. utfyllingar i sjø og der det er risiko for opphvirvling og spreiding av partiklar, eller tilsvarande metodar.»

Føresegnene i denne planen er sett ut frå omsyn til naturmangfald i sjø i området, naturreservata Askvika og Lauvholmen og dei som bur i Askvoll sentrum, som ligg tvers overfor Olsetvikane.

Kjersti Sande Tveit  
-plan- og miljøvernleiar-

Direkte tf.: 57 73 07 08

Sentralbord: 57 73 07 00

E-post: [kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no](mailto:kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no)